



Svein Harald Molvik

16. september 2021

Alver kommune  
v/Plan og byggesak

**Søknad om frådelling til uendra bruk og søknad om dispensasjon frå byggeforbodet langs strandsona pbl § 1-8 gbnr. 227/2**

Søknaden gjeld frådelling av ein naustparsell på om lag 58,41 m<sup>2</sup>. Den ønska parsellen er frå før bygd med eit naust som vart ført opp ca. 1950. Naustparsellen skal tilfalle gbnr 227/7. Naustet høyrer i dag til gbnr 227/7 etter munnleg avtale mellom tidlegare grunneigarare og planlagd frådelling er ledd i å formalisere munnlege avtalar.

**Nabovarsling**

Vi vurderer at det ikkje er naudsynt med nabovarsling av søknad om frådelling då involverte partar, heimelshavar og mottakar er kjend med tilhøva og aktive partar i søknaden. Det er ingen andre eigedomar som vert direkte påverka av den planlagde frådelinga og har difor vurdert at det ikkje er naudsynt med nabovarsling etter plan- og bygningslova § 21-3.

**Arealbruk**

Det aktuelle arealet er i kommuneplanen for Lindås 2019-2031 avsett til LNF-føremål. Då den planlagde parsellen er bygd med naut og planlagd bruk er naustparsell vurderer vi at søknaden kan gå som frådelling til uendra bruk og at det difor ikkje er naudsynt med dispensasjon frå arealføremålet.

**Dispensasjon**

Den planlagde parsellen ligg i 100-metersbeltet langs sjø og krev at det vert søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8.

Omsyna som skal i varetakast gjennom pbl § 1-8 er blant anna ålmenta si rett til fri ferdsel. Arealet er i dag bygd med naust og vert ikkje yttarlegare privatisert ved at det vert oppretta eigen naustparsell. Tomta vert ikkje inngjerda og det er ikkje planlagd å sette opp stengsel som hindrer ålmenta si rett til fri ferdsel.

Oppretting av eigen parsell vil ikkje gjere at arealet framstår som meir nedbygd enn det dagens situasjon framstår som.

Vi ber difor om at det vert innvilga dispensasjon og oppretta eigen eigedom.

**Private rettar**

I samband med oppmålingsforretning vert det lagt fram tinglyst gangrett, avtalene i dag er munnlege mellom grunneigarane.

**Vatn og kloakk**

Det er ikkje planlagt innlagt vatn og kloakk.

**Kontakt informasjon**

Vi ber om at kopi av vedtak og korrespondanse i saka vert sendt til:

Knut Morten Aanensen

Molvikavegen 455

5993 Ostereidet

Epost: [knut.morten.aanensen@gmail.com](mailto:knut.morten.aanensen@gmail.com)

Vennleg helsing

Svein Harald Molvik.

A handwritten signature in blue ink that reads "Svein Harald Molvik". The signature is written in a cursive style.